

De smaamenn all so mykje krev

Tone: Blandt alle lande i aust aa vest

1) De smaamenn all so mykje krev
for lite arbeid aa smaalegt stræv
de' berre dollar aa store vollar
ein etter grev

2) De' smaamenn dei so er falsk aa slu
aa snytar den som er god aa tru
so gjer seg fine, med søta mine
aa du! aa du!

3) De smaamenn alleso spring ifraa
naar um da gjelder da røyne paa
da er for illa so burt i villa
aa svikdom graa

4) De smaamenn alle so gjer seg stor
paa andres kostnad i gjerd aa ord
paa storleik bræla, fraa smaafolk stæla
i sud aa nord

5) Ja den er smaamann so gjer seg sjølv
so rein aa fin so ei hevla fjøl
seg sjølv berøma, aa andre døma
so svart so køl

6) De stormenn alle so motsett er
so handlar ærlegt kvarhelst dei fær
vil alltid nytta, aa alltid stytta
dei ting so bær

7) Du veit ei hjupa er laga so
ei hinna utanpaa, søt aa go
men det me finna inn onna hinna
er so aa so

8) Ein slipestein kvesse staaale han
men sjølv han bit ikkje minsta gran
aa jau du slipe, men bit so lite
du smaae mann

9) Du veit ei fela hev vakker laat
du kan faa høyra baa laatt aa graat
du endaa sansa kor glad du dansa
kor du va kaat

10) Men fela veit me ho hev det so
ho høyre ikkje sitt eige ljo
um Lott aa Noa so jamt ein rjoa
at dei va so

11) Tei still um Noa um Lott aa dei
me hava nok me vor eigen rei
men sjaa kor e da ein gjeng aa hæda
i kvar si lei

12) Jau me er smaamenn baa du aa eg
for far sin vilje aa far sin veg
me altii gløyma, aa burt os gøyma
paa viddi dreg